



Deltakrar kosar seg på toppen etter å ha gått eller sprunge løypa(Foto: Anbjørn Høivik)

Sundag førstkommande er det klart for det vakre motbakkeløpet Solfjell-løpet. Dette vert det åttande Solfjell-løpet då det første vart arrangert i 2009. Solfjelløpet er ikkje berre eit løp for dei som likar blodsmak i munnen, men også eit arrangement for heile familien, der dei sjølve styrer tempoet, og kan gå akkurat så langt dei orkar.

Oppmøte og start for både konkurranseklasse og trimklasse er på Pålaturnet på Haugland(34 moh). I tillegg til dei vanlege klassane som startar der, er det også i år Minisolfjell, som er for jenter og gutar frå kring 8 år og opp til 15 år. Borna startar på Storhaug og som tidlegare år startar dei samtidig som dei vaksne **kl 12.00**. Dei spring altså frå Storhaug og opp til toppen (500-890 moh). På toppen får ALLE flotte deltakarmedaljar som Kvinnherad Vekstbedrift har laga, og det vert flotte premiar til utøvarane. Registrering og start i trimklassen er mellom kl.10 og 12.



Start på Mini-Solfjell er på Storhaug(Foto: Edle Lomheim)

Løypa har arrangørane fått veldig gode tilbakemeldingar på. For dei som ikkje er så godt kjent, nemner vi at det startar med ein skogsveg samt litt utmark før den går over i eit litt flatare fjellparti. Løypa går så over i eit brattare fjellparti før ein kjem opp på snaufjellet med litt flatare parti opp til toppen. Der møter ein eit fantastisk utsyn med fjord og fjell, som har begeistra mange tilreisande deltakarar.

Meir informasjon og påmelding finn ein på [Uskedal idrettslag si heimeside](#).

I fjor vann 18 år gamle Karoline Simpson-Larsen frå Vargar dameklassen etter at ho kom i mål på den knallsterke tida 47:24 som var ei betring av den tidlegare bestenoteringa på om lag 5 minutt. Hans Inge Klette frå Viljar vann herreklassen på 41:16. Han var mest eitt minutt bak den sterke rekorden Erlend Drivenes frå Tørvikbygd sette i 2014. (40.26). Kanskje vert det nye rekordar i år også? Men det er ikkje det viktigaste. Med dei gunstige vermeldingane bør det liggja godt til rette for ny deltakarrekord, og alle vil få ei fantastisk naturoppleving.



Godt i gang! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tekst: Knut Johannes Ripel/ Thor Inge Døssland

Nett: Thor Inge Døssland